

---

**Fra:** Morten Mangerøy Helland  
**Sendt:** torsdag 8. oktober 2020 13:52  
**Til:** 'synneve.lauvaas@gmail.com'  
**Emne:** Saksnummer 20/1728 - Klage på manglende svar - Grensemerking  
**Vedlegg:** Klagar på manglende svar - gbnr 1164 Lauvås (L)(161992).pdf; Kartvedlegg til protokoll 116-4.pdf

Hei.

Viser til vedlagt dokument.

Eg ser du har dessverre brukt feil epost adresse til meg, så eg har ikkje fått denne eposten. Eg beklagar derfor for seint svar i saka.

Eg forstår at klagen din går ut på at du ikkje ønskjer å godta grensemerke som er satt opp i punkt 18 i kartvedlegget til protokollen. (eg ligg ved kartvedlegget til denne eposten og)

Under forretninga brukte både eg og Rita tid på å grave for å finne igjen det gamle merket som har stått i punkt 18. Me klarte ikkje finne dette merket. Det merket som står der i dag, satt eg ned på bakgrunn av avstandsmålingar og gamle kart som viser plasseringa for punkt 18.

Eg oppfatta det sånn under oppmålingsforretninga at det var ein grei måte å gjere det på.

Dersom du ikkje vil godta det nye merket som er satt ned, må eg be om at du, eventuelt i samarbeid med Rita, finn igjen det gamle merket som har stått der. Dersom de klarar å finne dette kan eg komme ut å måle det inn. Om du ikkje klarar å finne det gamle merke igjen, og du fortsatt ikkje vil godta det nye merket, kan me markere dette merket som «omtvista» i matrikkelen. Då vil eg komme å fjerne det nye merket som eg satt ned. Denne grensa vil då verte liggjande som ei ubestemt grense. Punkt 18 er ikkje kritisk for utnyttinga av den nye eigedomen som vart oppretta i denne saka, og det kan derfor liggja som eit omtvista grensepunkt, om me ikkje finn ei betre løysing.

Ver vennleg å gje ein tilbakemelding på kva du ønskjer at me gjer vidare i saka.  
Ring meg gjerne så kan me diskutera saka om du skulle ha eventuelle spørsmål.

**Morten Mangerøy Helland | Rådgjevar - Kart og oppmåling**

Telefon: 46 28 03 58

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

